



Agder Bondelag

Dykkar ref:

Vår ref.:
2022/14138

Arkivnr.:
433.52

Dato:
13.12.2022

Møteprotokoll.

Møte i rovviltnemnda 09.12.2022.

Frå nemnda: Noralv Distad, Trude Brosvik, Sigbjørn Framnes og Beate Marie Johnsen.

Forfall: Hanne Marte Vatnaland

Frå sekretariatet: Hermund Mjelstad

Klage på sak 6/2022 frå Agder Bondelag m.fl.

Sak 6/2022: Jakt på gaupe i region 1 i 2023. Vurdering av kvotefri jakt.

Vi viser til klage motteke 7. november 2022 frå Agder Bondelag. Klagen er sendt på vegne av bondelaga i Agder, Rogaland og Vestland, og frå Sau og Geit i regionen.

Klagen er sendt innan fristen etter vedtaket i rovviltnemnda kunngjort 18. oktober 2022. Klagen blir derfor teke til behandling i rovviltnemnda.

Vedtaket i rovviltnemnda sak 6/2022 er slik: «*Rovviltnemnda opnar ikkje for kvotefri jakt på gaupe i Region 1 i 2023.*»

Klagen

Klager ber departementet (KLD) omgjere vedtaket og tillate kvotefri jakt i regionen også i 2023. Alternativt at det blir opna for kvotejakt på t.d. 3 dyr, uavhengig av alder og kjønn.

Klager peikar på at heile regionen er beiteprioritert og det er ikkje mål om yngling av nokon av dei store rovdyra. Det blir og vist til forvaltningsplanen i region 1, kap.8 (mål): «*Det skal ikkje vere årlege ynglingar eller rovpattedyr med skadepotensial i region 1. Felling er viktigaste førebyggjande tiltak i regionen for å redusere skade på bufe til eit minimum*».

Sjølv om det er låg terskel for å tildele skadefellingsløyve i beitesesongen, blir det peika på at uttak på barmark er krevjande. Skadefelling er derfor ikkje eit godt alternativ til ordinær jakttid om vinteren.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Statsforvalteren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Vinjavegen 1, 5745 Aurland
Telefon: 91374976

Noralv.Distad@vlfk.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Telefon 57643124

fmsfhm@statsforvalteren.no
<http://www.statsforvalteren.no/vl>

Klager meiner og at forvaltninga med kvotefri gaupejakt har vore vellukka, med lågt skadeomfang og lite konflikt.

Vurdering

Rovviltnemnda har i denne saka peika på det faktum at skadeomfang og konflikt med gaupe i regionen er svært liten, og har vore det i mange år. I Rovbasen er det dokumentert 11 gaupeskader dei siste 10 åra, i heile region 1. Samstundes er det dei siste 10 åra felt 14 gauper, dei fleste i Agder (12 av 14).

Rovviltnemnda har vore oppteken av at det ikkje skal vere «automatisk» kvotefri jakt i regionen kvart år, men at denne må vurderast etter korleis m.a. skadeomfanget endrar seg. Pr. i dag er altså skadeomfanget svært lågt og nemnda meiner det derfor ikkje er naudsynt med kvotefri jakt på gaupe i inneverande sesong (01.02.23 – 31.03.23). Som bakgrunn for vedtaket ligg det og ei vurdering på korleis bestanden av gaupe utviklar seg i landet elles, og dei siste data for dette viser at bestanden er godt under målet for landet; 58,5 familiegrupper medan bestandsmålet er 65 (www.rovdata.no). I ein slik situasjon meiner nemnda det ikkje er riktig eller forsvarleg å innføre kvotefri jakt i region 1.

Naboregionane (region 2 og 3) har nådd bestandsmåla sine, men det har vore ei nedgang i bestanden i sone 2. Ser vi på fellingane i region 1 dei siste 10 åra, så er 7 av dei 14 felte gaupene hodyr. Fellingane i vår region, og spesielt sidan dei fleste blir felt i Agder, vil derfor kunne ha direkte innverknad på bestand og bestandsmål i region 2.

Det er vidare slik at sjølv om region 1 ikkje har bestandsmål for gaupe, så tyder ikkje det at einkvar gaupe som vandrar inn som streifdyr t.d. frå region 2, skal fellast i februar eller mars. Det er først og fremst dersom det oppstår skade at felling er det viktigaste tiltaket. I beitesesongen er det Statsforvaltaren som tildeler skadefellingsløyve etter søknad, og terskelen for slike løyve er generelt låg i region 1. Dette er i tråd med Stortinget sitt rovviltforlik av 2011, og i tråd med dei presiseringane som vart gjevne av Miljøverndepartementet i 2011.

Rovviltnemnda vurderte i denne saka naturmangfaldlova, og spesielt § 9 (føre-var-prinsippet). Nemnda meiner dette er relevant for situasjonen når det nasjonale bestandsmålet ikkje er nådd, ei nedgang i bestanden i region 2 og det faktum at halvparten av dei felte gaupene i region 1 har vore hodyr. Føre-var-prinsippet tilseier at når det er usikkerheit om konsekvensane av eit vedtak, skal ikkje mangelen på kunnskap nyttast som grunngeving for å utsetje eller unnlate å fatte vedtak. Kvotefri jakt vil kunne ha direkte konsekvens for det nasjonale bestandsmålet, og sekretariatet vil derfor rå frå kvotefri jakt i 2023.

Eit slikt vedtak vil berre gjelde for denne sesongen, og vil bli vurdert og evaluert på nytt etter beitesesongen 2023.

Vedtak:

Rovviltnemnda opprettheld vedtaket i sak 6/2022 og nemnda tek ikkje klagen frå Agder Bondelag m.fl. til følge. Klagen blir med dette oversendt Klima- og miljødepartement for endeleg avgjerd.

Samrøystes vedteke.

Grunngjeving

Kvotefri jakt i region 1 vil, slik bestandsstatus for gaupe er i 2022, kunne ha direkte innverknad på det nasjonale bestandsmålet.

Med helsing

Noralv Distad
leiar
Rovviltnemnda region 1
91374976



Rovviltnemnda i region 1
Vestland, Rogaland og Agder

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi pr. e-post:

Naturvernforbunda i fylka i Region 1
Foreningen våre rovdyr: fvr@fvr.no
WWF Norge: wwf@wwf.no
Norges Miljøvernforbund: nmf@nmf.no
Statens Naturoppsyn Hordaland og Sogn og Fjordane
Statens Naturoppsyn Rogaland og Vest-Agder
Statsforvaltarane i Region 1
Klima- og miljødepartementet
Miljødirektoratet
Mattilsynet region sør og vest
Sogn og Fjordane sau- og geit
Vest-Agder sau- og geit
Agder Bondelag
Rogaland sau- og geit
Rogaland Bondelag
Hordaland sau- og geit
Vestland Bondelag